



Austevoll kommune

Arkivsaknr: 2024/2428-1
Saksbehandlar: Marie Strand Fugelsnes
Avdeling: Samfunnsutvikling

SAKSFRAMLEGG

Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg 2025-2026

Utval

Utval for
oppvekst,
skule og
kultur

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Utval for oppvekst, skule og kultur vedtek å senda plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg i Austevoll kommune for perioden 2025-2026 på høyring, med høyringsfrist tre veker frå kunngjering.

Kort samandrag

Kvart år skal Austevoll kommune revidere plan og prioritering av søknader om spelemidlar. Planen skal på høyring og må vedtakast før årsskifte 2024.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Austevoll kommune skal kvart år oppdatere plan og prioritering av søknadar om spelemidlar. Kommunen har fått sentral søknadsfrist 15. januar for søknadar om spelemidlar

til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv. Tildeling av spelemidler skjer i juni kvart år. Kommunale fristar til spelemidler er:

- 1. september for innmelding av anlegg til anleggsregisteret og plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftslivanlegg og kulturbygg.
- 1. oktober for innsending av søknad om spelemidler.

Eigar av anlegg som får løyva spelemidler har 20 års driftsplikt på nærmiljøanlegg og 30 år på ordinære anlegg. Ved avvikling av drift, før utgått driftsplikt, må eigar tilbakebetale tilskotet til kulturdepartementet.

Anlegg som må gjenta/fornya søknaden er:

- Kunstgrasbanen ved Selbjørn idrettsanlegg
- Klubbhuset ved Austevoll idrettsanlegg
- Tennisbana ved Selbjørn idrettsanlegg
- Nytt banedekke i Austevollshallen
- Lyshare på friidrettsbana ved Austevoll idrettsanlegg
- Rehabilitering Buldrerom Austevollhallen
- Frittstående lagerbygg Austevoll idrettsanlegg

Nye anlegg som skal søkje er:

- Nybygg av bane/ trasé Pumptrack ved Hundvåkøy
- Nybygg av padeltennisbane ved Storebø
- Nybygg av Trase - Tursti Rongja Torangsvåg
- Rehabilitering av klubb- og møtelokaler ved Havstril padleklubbhus

I samband med høyringa blir ordninga for spelemidler til kulturbygg lyst ut. Organisasjonar som ynskjer å søkje om spelemidler til kulturbygg/kulturarena kan melde anlegget inn til planen og søkje om tilskot innan 15. februar. Kommunen har fått sentral søknadsfrist 30. april for søknadar om tilskot til kulturbygg.

Kulturbygg som må gjenta/fornya søknaden er:

- Kongsen kultursal (det er usikkert om ein må søke igjen då kommunen ikkje får vite om anlegget har fått tildelt midlar for 2024 før i midten av oktober).

Vurdering

I plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg må dei ulike søknadane vera prioriterte om dei skal takast med i denne søknadsrunden. Anlegg som er ferdig må prioriterast høgast. Søknadar frå anlegg kor alle nødvendige vedlegg er klare og som kommunestyret har vedteke skal byggast, må prioriterast deretter.

Før planen kan vedtakast må den sendast på høyring, og for å rekke ny politisk runde på hausten 2024 bør høyringsfristen vera tre veker.

Kommunedirektøren si tilråding

Utval for oppvekst, skule og kultur vedtek å senda plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg i Austevoll kommune for perioden 2025-2026 på høyring med høyringsfrist tre veker frå kunngjering.

Vedlegg

- 1 Plan for idrettsanlegg nærmiljøanlegg friluftsliv og kulturbygg 2025-2026